**ALVER**
KOMMUNE

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 01.04.2020 |
| Vår: 20/6052 - 20/17558 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Dispensasjonsvedtak til klagevurdering oppretting av eigedom - gbnr 414/17 Soltveit

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Oppretting av grunneigedom |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 414/17 |
| **Tiltakshavar:** | Rasmus Kirsten Soltveit |
| **Ansvarleg søkjar:** | |

Saka gjeld søknad om oppretting av grunneigedom med areal opplyst til å vere ca. 754 m² med påståande lagerbygg for uendra bruk på gbnr 414/17. Det er ikkje drift på garden lenger og frådeling krev dispensasjon frå planføremål.
Det vert elles vist til søknad motteken 27.02.20 og supplert 16.03.20.

Saka vart handsama delegert den 31.03.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

*«Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, vert det gjeve dispensasjon frå planføremål LNF i kommunedelplanen sin arealdel for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 414/17 Soltveit.*

*Med heimel i plan- og bygningslova§20-1 m) jf. § 20-4 d) vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom med påståande lagerbygg på gbnr 414/17 Soltveit på følgjande vilkår:*

1. *Eigedom skal opprettast i samsvar med situasjonsplan datert 02.03.20.*

2. *Kommunen legg til grunn at vegrett skal vidareførast til den frådelte eigedomen. Vegrett må tinglysast seinast samstundes med oppmålingsforretninga.*

*Nøyaktige grenser på ny eigedommen skal fastsettast på oppmålingsforetninga.»*

*Grunngjevinga for vedtaket følgjar nedanfor i saksvurderinga.*

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-spreidd bustad føremål.







Eigedommen har areal på ca. 4 mål.

**Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål LNF-spreidd bustad i kommunedelplanen for Radøy.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423

**Regelverk**
- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Larissa Dahl |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om oppretting av grunneigedom - GBNR 414/17 Soltveit
Kart (44831)
Søknad om dispensasjon (44830)
414-17-kart

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rasmus Kristen Soltveit | Nedre Soltveit 26 | 5939 | SLETTA |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |